

# Velkommen til padleleir på Borgarøya!

---

NPF og Herøy Kajakk klubb inviterer til padleleir på den idylliske handelsstaden i Ulstein i pinsa, 10.-12. juni.

Dette blir årets gjevaste padlehending på Sunnmøre, så set av pinsa og kom på padleleir!



## NPF har ansvar for kurs på samlinga:

- NPF grunnkurs UNG (14 – 19 år)
- NPF teknikkurs UNG (14 – 19 år)
- NPF grunnkurs
- NPF teknikkurs
- NPF aktivitetsleiarkurs

## Påmelding kurs:

skjerv ved å sende e-post til [kurs@padleforbundet.no](mailto:kurs@padleforbundet.no) med fjølende informasjon:

- Namn
- Adresse
- Tlf. nr.
- E-post adresse
- (det kurset du meder deg på), Padleleir Borgarøya

NPF sender faktura.

Alle kursa kostar kr 2000,- kr bortsett fra UNG kursa som er gratis.

Bindende påmelding. Er kurset fullt, og det ikke er nok deltakarar til å halde to kurs, får du pengene tilbake.

## NB! NPF UNG kurs:

UNG kursa er gratis for alle som har gyldig medlemskap i Herøy Kajakk Klubb eller annan NPF tilslutta klubb, og er mellom 14 og 19 år (1992 – 1997 mod) Deltakarane får oppmøteinstruks frå vegleiar Dag Roland. Kursa startar og avsluttast på fastlandet begge dagane. Ung-deltakarar som ikkje er myndige kan kun overnatte på Borgarøya dersom dei har med seg ein vaksen person som tek ansvar for UNG-deltakaren under opphaldet på leirstaden.

## Herøy Kajakklubb har ansvar for følgende:

To turar i nærområdet, der vi fokuserer på kystkultur opp gjennom tidene. Erfarne padlarar kan sjølvsagt også utforske dette vakre området på eiga hand.

**Laurdagstur:** Heildags padletur til den gamle prestegarden Herøy Gard og Herøy kystmuseum, der det denne helga er vikingkaupang! Turen startar frå Borgarøya kl. 10, og går gjennom naturskjønne omgivelser mot Herøy. Vikingkaupangen startar kl. 12 og varer til kl. 18, der "vikingane" på garden har prøvd å gjenskape dei gamle kaupangane der handverk, husflid og råvarer stod i sentrum.



Under kaupangen kan born og vaksne få ta del i ulike aktivitetar med rot i gamal tradisjon. Leik og idrett der alle generasjonar tek del ilag, står sentralt. Ein kan nemne: bogeskyting, roing, vikingleikar, smiding (spikking) med rå trevirke og mykje anna. Elles kan ein ride på islandshest, vere med på historievandring og ro tokt i nærområdet.

**Søndagstur:** Ein kombinert vandre- og padletur der vi får servert kysthistorie frå Borgarøya, Hatløya og Håkonsholmen. Kvifor står det så store og flotte hus på desse små holmane? Inge Håkonsholm er padlende guide for oss, og inviterer oss til slutt til omvising og kaffi og vafler på Håkonsholmen (biletet under til høgre). Dette er ein lavterskeltur som passar for alle som har våttkort.



**Rulleverkstad:** Du kan også lære å rulle på samlinga, då det er tilbod om rulleverkstad begge dagane.



**Grilling:** På kveldane fyrar vi opp i tønnegrillane, så ta med grillmat og turtallerken, kopp og bestikk. Av miljøomsyn ønskjer vi å unngå eingongstallerknar o.l. Herøy kajakk klubb byr på rulleoppvising samt shanty-konsert på bryggekanten ved to av UNG deltakarane.



**Praktisk informasjon:**

Vi overnattar i telt, men brukar hovudhuset på Borgarøya som samlingslokale. Det er sanitæranlegg på øya. Teltavgift kr. 200 – **betales til sekretariatet ved ankomst.**

Oppmøte og parkering fredag kveld ved Quality Ulstein Hotell ved innkøyringa til Ulsteinvik.

Frå Ulstein Hotell er det båtskyss for deltakarar på grunnkurs og andre som ikkje kan padle sjølv ut til Borgarøya (ca. 30 minuttspadling). Båten går kl.18, 19, 20 og 21.

Felles padling til Borgarøya leia av aktivitetsleiar går frå Ulstein Hotell kl. 18, 19, 20 og 21.

Felles returfrå Borgarøya til Ulstein hotell søndag kl 18.

Treng du å leige kajakk, kontakt: [christer@heroykajakk.com](mailto:christer@heroykajakk.com)

Denne helga er det "Ulsteindagar" i Ulsteinvik med mykje liv og røre i sentrum. Dette kan føre til parkeringsutfordringar, så vis tolmod og bruk parke ringsplassen ved Ulstein Hotell. Erfarne padlarar kan også sette ut frå Osnessanden.

